



## Planlagt tiltak

Planlagt tiltak omfattar utbygging av småbåthamn med plass til 26 båtar i form av ein flytande marina, landfeste er tenkt plassert ved parkeringsplassen vest for butikken slik som skissa under viser. Det skal også etablerast tilkomst og parkering for småbåthamna. Det er tenkt at det bør vere tilgang til 0,2 parkeringsplassar pr. båtplass, som betyr at det bør retteleggjast for 5-6 parkeringsplassar knytt til småbåthamna. Parkeringsplassane til småbåthamna, butikken og kafeen bør vere oppmerka. Aktuelle gravearbeid vest for butikken vil berre vere knytt til eventuell ny tilførsel av EL og vatn.

Det blir også sett på om delar av arealet ved kaia aust for butikken (gnr./bnr. 115/3) kan nyttast til parkering.



Figur 2: Planområdet innanfor polygonet, og tenkt plassering av flytande marina, KV.3605 Ålfotvegen går gjennom planområdet, norgeskart.no


## 2. Vurdering

### Dagens situasjon

Kv. 3605 Ålfotvegen er tatt med som ein del av planområdet forbi nærbutikken på ei strekning på ca. 125 m, vegen går i eit beint strekk gjennom planområdet og har ei vegbreidde på ca. 4,25 m. Vegen har ei veldig utflytande avkøyrsløp til parkeringsplassen vest for butikken, og kaia aust for bustaden. Der ligg i tillegg ein liten kafé i same bygg som butikken, med ein eigen inngang på nedsida. Det asfalterte arealet vest for butikken blir i dag brukt som parkeringsplass til butikken og kaféen, samt parkeringsplass til eit privat naust. Parkeringsplassen er ikkje oppmerka med bestemte plassar. Dette arealet nyttast også som snuareal for bussen, men også av køyretøy som leverer varer til butikken. Asfaltarealet aust for butikken blir brukt som kaiområde, samt tilkomst til bustad 115/72, der denne bustaden har privat parkering inne på sjølve eigedommen. Det er etablert fartshumpar på Kv. 3605 både rett aust og rett vest for butikken, så fartsnivået gjennom planområdet er lågt.

Terrenget i området langs sjøen er ganske flatt, nordvest for Ålfotvegen er det dyrka mark i stigande terreng med ca. 1:2 helling.

Krysset frå fylkesvegen er plassert i bratt sideterreng, og kommunalvegen har ein skarp vinkel inn på primærvegen. Dette gjer at bilar som kjem frå vest og skal ned til Ålfoten, og omvendt, nesten må ta ein U-sving for å klare svingen. Det kan vere problematisk for større køyretøy, men det er løyst ved ei ganske brei utvidingslomme på nordsida av fylkesvegen, denne utvidingslomma er ca. 7 m brei, og er stor nok til at både lastebil (L) og boggibuss (B) får til denne svingen. Det tyder på at dette er den tiltenkte funksjonen på utvidingslomma, utvidingslomma er ganske kort, og vil ikkje fungere som ei passeringslomme iht. N100 kap. 4.1.1.4, det er heller ikkje behov for passeringslomme pga. den låge ÅDT-en i fylkesvegen (350).



Figur 3: Fylkesvegkrysset Fv.614 x Kv.3605, norgeskart.no



Figur 4: Fylkesvegkrysset Fv.614 x Kv.3605

Fv. 614 Hjortefaret	
ÅDT	350 (erfaringsbasert estimat – vegkart.no)
ÅDT-T	12 %
Fartsgrense	80 km/t
Tverrprofil	Ca. 5,5 – 6 m

Tabell 1: Grunnlag for valg av vegklasse for fylkesvegen.

Fv. 614 Hjortefaret setjast til vegklasse L1, basert på verdiane i tabellen over, og utifrå sin funksjon som lokal internveg i Bremanger kommune.

<b>Kv. 3605 Ålfotvegen</b>	
ÅDT	Manglar info
ÅDT-T	Manglar info
Fartsgrense	50 km/t
Tverrprofil	Ca. 4 – 5 m

Tabell 2: Grunnlag for valg av vegklasse for kommunale vegen (Ålfotvegen).

Kv. 3605 Ålfotvegen setjast til vegklasse L2, basert på verdiane i tabellen over, og utifrå sin funksjon som lokal internveg i Ålfoten.

Sidan det manglar info om ÅDT i Ålfotvegen, utfører vi ei trafikkberkning basert på talet på bustadar i Ålfoten, det er 103 bustadar som nyttar seg av fylkesvegkrysset når dei skal til og frå Ålfoten. Ålfoten skule har 19 elevar på 7 trinn, og 4 tilsette, sidan det er så få elevar og tilsette på skulen, og mesteparten av desse mest sannsynleg bur i Ålfoten, tar vi ikkje med dette i berekningane for trafikkmengd i fylkesvegkrysset.

#### Trafikkberkning iht. handbok «V713 Trafikkberkningar»:

- 103 bustadar i Ålfoten x 0,6 bilturar = **62 kjt./t** (dimensjonerande time 15:30-16:30)  
Erfaring frå handbok V713 seier at trafikkmengd i største time er 16 % av den totale ÅDT.  
ÅDT-en blir dermed:  $62 \text{ kjt./t} / 0,16 = \mathbf{388 \text{ ÅDT}}$
- 235 m<sup>2</sup> med handel / 100 m<sup>2</sup> x 7 bilturar = 17 kjt./t      17 kjt./t / 0,16 = 106 ÅDT  
Vi går ut i frå at ca. halvparten av berekna bilturar til butikken er frå bustadar lokalt i Ålfoten, som ikkje vil generere noko trafikk i fylkesvegkrysset. Vi halverer dermed trafikktalet til **9 kjt./t** og **53 ÅDT**.
- **Totalt: 71 kjt./t og 441 ÅDT**


#### Framtidig situasjon

Framskriving av trafikkmengd til prognoseår 2040: ÅDT for Fv. 614 Hjortefaret: 381 ÅDT, 46 kjt./t.


For Kv. 3605 Ålfotvegen vil det ikkje vere sannsynleg at ei småbåthamn for 26 båtar, der brukarane primært vil vere lokale, vil gjere noko betydeleg trafikkauke. Det er heller ikkje andre plantiltak som gjer det sannsynleg at trafikkmengda vil auke. Det blir derfor nytta tala frå trafikkberkninga for vidare vurdering.

Trafikkmengda for Fv.614 Hjortefaret er estimert til å ha ein ÅDT på 381 køyretøy i døgnet for prognoseår 2040.

## Kanalisering og venstresvingefelt



Figur 5: Det er langt i frå å vere krav om venstresvingefelt iht. figur 4.1.1.3-1 i N100.



Figur 6: Det er ikkje krav om kanalisering iht. figur 3.2-1 i N-V121.

## Parkeringsplassar

Det er lagt opp til at det vil vere behov for 5-6 parkeringsplassar knytt til småbåthamna. Det bør og retteleggjast for ca. 2 parkeringsplassar pr. 100 m<sup>2</sup> forretningsareal, iht. byggforsk. 312.130, dvs. 235 m<sup>2</sup>/ 100 m<sup>2</sup> x 2 plassar = 4,7 plassar til butikken. Skisse som viser foreslått oppmerking viser totalt 9 parkeringsplassar vest for butikken, det vil vere tilstrekkeleg antal parkeringsplassar for småbåthamna, butikken og den vesle kaféen. Det vil sjeldan vere 5 parkerte bilar knytt til småbåthamna samtidig, og parkerande kundar til butikken og kaféen blir ståande kortvarig, og vil kunne bruke av parkeringsplassane til småbåthamna ved behov. Det er

også eit ønske frå byggherren at det etablerast parkeringsplassar i arealet ved kaia aust for butikken (gnr./bnr. 115/3), som kan nyttast av tilsette til butikken og kaféen, men også av langtidsparkerande brukarar av småbåthamna. Det asfalterte arealet ved kaia er ganske stort, og kan godt utnyttast betre ved å etablere eit parkeringsareal langs iht. figur 8. Det bør i så fall gjerast noko med den avrunda vegkanten mot eigedomsgrensa i nordaust, asfaltkanten bør flyttast litt nærare eigedomsgrensa i aust slik at det vert 6 m manøvreringsareal på kvar side iht. N100. Parkeringsplassane bør vere 5 x 2,6 m også iht. N100.

## Snuareal for større køyretøy

Arealet vest for butikken blir i dag brukt av større køyretøy til å snu, både buss og lastebil for varelevering til butikken. Med nyetablert parkeringsløyising vil det framleis vere tilstrekkeleg areal mellom parkeringsrekkene til at ein lastebil (L) og boggibuss (B) skal kunne snu, sjølv om alle parkeringsplassane er i bruk. Sporingskurve for buss som snur er vist i figur 9.



Figur 7: Forslag oppmerking av parkeringsplassar vest for butikken



Figur 8: Forslag oppmerking av parkeringsplassar aust for butikken



Figur 9: Sporingskurve for boggibuss (B), 15 m lang, 3-aksla. Viser snumoglegheit på området vest for butikken.

## 3. Konklusjon/oppsummering

Krysset mellom Fv. 614 og Kv. 3605 fungerer tilfredsstillende etter dagens trafikkmengder, den genererte trafikkauken som følge av etablering av småbåthamn i Ålfoten, er så liten at det ikkje vil påverke krysset mellom Fv. 614 og Kv. 3605 i nokon grad. Sidan det berre er 26 båtplassar, og båtplassane skal vere eigd av brukarane som vil primært vere lokale. Sjølv om kommunalvegen går inn på fylkesvegen med ein vinkel som er skarpare enn kravet i N100, er det løyst ved ei utvidingslomme på nordsida, siktkrava er også opprettheldt. Dersom sekundærvegen skal knytast til primærvegen med ein vinkel mellom 70 og 110 grader, som er kravet i N100, må det gjerast store terrenginngrep pga. fjellskjeringsveggen på nordsida av krysset, og den bratte skråninga ned mot fjorden på sørsida av krysset. Det vil uansett ikkje vere tiltaket rundt etablering av småbåthamna som vil utløyse kravet til ei slik utbetring.

Det anbefalast at parkeringsarealet vest for nærbutikken får oppmerka parkeringsplassar iht. figur 7. Det legg opp til totalt 9 parkeringsplassar som vil kunne brukast av kundane til butikken og kafeen, og brukarane av småbåthamna. Og at det etablerast eit parkeringsareal med plass til 10 bilar på arealet aust for butikken (figur 8) som kan brukast av tilsette til butikken og kafeen, langtidsparkerande brukarar av småbåthamna, og som gjesteparkering til dei 2 bustadane. Her bør det vere manøvreringsareal med ei breidde på 6 m på kvar side. Dette er ei løysing som byggherre har gått god for.

## Kjelder

- N100 Veg- og gateutforming (SVV)
- N-V121 Geometrisk utforming av veg- og gatekryss (SVV)
- 312.130 Parkeringsplassar og garasjeanlegg (SINTEF, Byggforskserien)
- V713 Trafikkberegninger (SVV)